

VEDTEKTER

for

Stiftinga Museumssenteret i Hordaland

§ 1 Namn

Stiftinga sitt namn er Museumssenteret i Hordaland

§ 2 Grunnkapital

Stiftinga si grunnkapital er kr. 870 000.-.

§ 3 Føremål

Museumssenteret i Hordaland er ein kultur- og naturhistorisk museumsorganisasjon som har til føremål å drive bevaring, forskning, undervisning og formidling om kultur- og naturhistorie frå fortid til samtid, knytt til naturlandskapa, busettings- og bygningshistorie, nærings- og industriutvikling, sosialhistorie og samferdsel.

Museumssenteret i Hordaland skal utføre tenester innan samlingsforvaltning for musea i Hordaland.

Museumssenteret i Hordaland skal ha fagleg ansvar for og drifte dei einingar som inngår samarbeidsavtale med Museumssenteret i Hordaland. Fagmiljøa som er representerte ved Museumssenteret i Hordaland skal vidareførast og vidareutviklast.

§ 4 Organisasjon

4.1. Styre

Stiftinga skal ha eit styre beståande av 6 medlemmer:

<u>medlemmar</u>	<u>oppnemnd av</u>	<u>funksjonstid</u>
2	Hordaland fylkeskommune	4 år (valbolken)
1	Bergen kommune	4 år (valbolken)
1	Kommunane i Nordhordland	4 år (valbolken)
1	Universitetet i Bergen	2 år
1	Dei tilsette i Museumssenteret i Hordaland	2 år

Ved røysteliskap har styreleiar dobbeltrøyst.

Begge kjønn skal vere representert i styret med minst 40 %.

Styremedlemmene kan berre sitje i to periodar samanhengande. Det skal nemnast opp personlege varamedlem for alle medlemmene. Deira funksjonstid skal følgje styremedlemmene si funksjonstid.

4.2. Styret sine oppgåver

Styret skal sjå til at stiftinga vert forvalta i samsvar med føremålsparagrafen i vedtektene og gjeldande lovverk.

Styret tilsett dagleg leiar og andre faste medarbeidarar. Styret kan delegere tilsettingsmynde til dagleg leiar.

4.3. Andre organ – Fagråd

Styret kan oppnemne eitt eller fleire fagråd med medlemmer beståande av personar med særskild kompetanse innanfor stiftinga sine saksfelt.

Fagråda vil ha til oppgåve å gje uttale og råd til styret eller den øvrige verksemda i stiftinga, jf. stiftingslova § 36, 2. ledd bokstav h.

§ 5 Vedtektsendring og oppløysing

5.1 Vedtektsendring

Endringar i vedtektene kan berre skje etter vedtak i styret med 2/3 fleirtal på to etterfølgjande styremøte.

5.2. Oppløysing

Framlegg om oppløysing skal fremjast som vedtektsendring, jf. § 5.1. Det er eit ønskje at dersom stiftinga vert oppløyst, kan alt som stiftinga eig tilfalla Hordaland Fylkeskommune, som kan overføre eignelutane til andre offentlege kulturinstitusjonar der det framleis kan tene museums- eller kulturvernforemål.

Vedteke på styremøte 15.12.2008 og på ekstraordinært styremøte 15.12.2008